

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 01.10.2010

### SAKLISTE

DELEGASJONSSAKER  
SKRIV OG MELDINGAR  
TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN  
2010 – INVITASJON TIL DIALOGMØTE  
GODKJENNING AV SKULEPAKKE-  
PROSJEKT 2010  
IKT-INVESTERINGER 2010  
BREKKE VASSVERK – KOMMUNAL GARANTI  
FOR LÅN  
DRIFTSRAPPORT 2. TERTIAL 2010  
REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT - HØYRING  
TILTAKSSTRATEGI FOR SMIL-MIDLAR I  
GULEN 2005 – 2008. FORLENGING AV  
VERKNADSPERIODE

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 09.30.  
Sakstilfaget ligg til gjennomsyn Ekspedisjonen, og på  
internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Trude Brosvik  
Ordførar

## Plan-nytt

Kommunen vil gjerne informere bebruarar i  
kommunen om nytt i forhold til planarbeid. For  
nærare informasjon sjå  
[www.gulen.kommune.no/planar](http://www.gulen.kommune.no/planar)

### Planoppstart for Kommunedelplan for Eivindvik 2010 – 2020

I medhald av plan- og bygningslova §11-13, §4-1, vert framlegg til planoppstart og planprogram  
kunngjort.

**Høyringsfrist 5. november 2010**

Grendamøte er planlagd den 30. september  
2010 kl. 18.00 i kommunehuset sin  
Gulasalen.

### Status om Kommunedelplan for Steine – Sløvåg – Skipavik

I andre Infoposten av juni 2010 vart det publisert  
ei oppsummering av merknader for planområdet.

Nærare vurdering er starta opp i samanheng  
med oppstart av første del av  
Strandsoneanalyse for Gulen.

### Varsling av oppstart for Reguleringsplan for Kabelferje Mjåneset - Hiserøyna

I medhald av plan- og bygningslova §12-8, vert  
varsla til planoppstart kunngjort. Statens  
vegesen er på vegner av Fylkeskommune  
tiltakshavar. Kabelferje er planlagt i  
Nyhammersundet.

**Høyringsfrist 15. oktober 2010**

### Offentleg ettersyn for Reguleringsplan for Kalvedalen hyttefelt, Gbnr. 75/4

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vert  
det varsla om at Hovudutval for plan og utvikling  
har vedteke å legge planen ut til offentleg  
ettersyn.

**Høyringsfrist 29. oktober 2010**

### Offentleg ettersyn for Reguleringsplan for Dyrnappen hyttefelt, Gbnr. 95/23

I medhald av plan- og bygningslova §12-10, vert  
det varsla om at Hovudutval for plan og utvikling  
har vedteke å legge planen ut til offentleg  
ettersyn.

**Høyringsfrist 29. oktober 2010.**

### Nye opningstider ved hovudbiblioteket i Eivindvik



Det er no kome nye opningstider  
for biblioteket i Eivindvik.

Måndag: kl. 12.00-17.00

Torsdag: kl. 14.00-19.00

Frå 1. oktober blir Sigfrid Solberg frå Hyllestad  
ny bibliotekssjef.

Vi ynskjer ho hjarteleg velkommen.

Vi vil i tillegg nytte anledninga til å takke Marit  
Sandal for innsatsen ho har utført.

## **Haustydding 2010**



Rydderuta er for dei som bur langt i frå ein av våre gjenbruksstasjonar.

### **Laurdag 09. oktober:**

**Byrknes, Brekke, Oppedal, Kringla, Gulen nord for tunnel v/Leversund bru, Leversund - Austgulen.**

### **Laurdag 16. oktober:**

**Gulen sør for tunnel v/Leversund bru, Masfjorden unnateke Andvik – Andås**

Metall, trevirke, møblar, hageavfall, elektrisk og elektronisk avfall (EE- avfall).

Du kan ikkje levera farleg avfall til vår- og haustydderutene! Treng du levera farleg avfall, må du nytta henterute for farleg avfall eller gjenvinningsstasjonane.

**NB! Småting må samlast i øskjer.**

## **Demensinformasjon**

Helsedirektoratet starta 3. februar sin informasjonskampanje: Leve med demens. Kampanjen skal gjere det litt lettare for fleire å vere open om sjukdommen. Målgruppene for kampanjen er barn til personar over 70 år, ektefelle, samt dei som sjølv er sjuke. Ein har funne at:

- 3 av 10 har familiemedlemmar med demens
- 3 av 10 har behov for å vite meir om demens
- 3 av 10 kjenner til kommunehelsetenesta sitt tenestetilbod til personar med demens og deira pårørande.

I tillegg til å føre til større openheit, skal kampanjen betre tilgang til informasjon om demenssjukdommane og bidra til at personar som mistenker at noko er gale, oppsøker fastlegen tidleg for utredning og diagnostisering. Det er viktig å få ei diagnose så tidleg som mogeleg. Det er utslagsgivande for å få hjelp frå omsorgstenesta i kommunen.

Det er i dag om lag 70 000 personar i Norge som har ein demenssjukdom. Vi reknar med at 10 000 personar får sjukdommen kvart år. Undersøkingar viser at ca halvparten er utreda og diagnostisert. Det betyr at svært mange ikkje har fått informasjon om sjukdommen eller fått rettleiing om høve til å söke hjelp. Tidleg

diagnose gjer det lettare å legge tilrette livet med ein demenssjukdom, på ein best mogeleg måte.

**Oppfordring: GÅ TIL LEGE!**

**Har du spørsmål om demens?**

**815 33 032**  
**Demenslinjen**

E-post: demenslinjen@nasjonalforeningen.no

Det er ei eiga nettside der publikum kan få relevant informasjon:  
[www.helsedirektoratet.no/demens](http://www.helsedirektoratet.no/demens)

Viss du ynskjer å komme i kontakt med demensteamet i Gulen kommune kan du ringe: 416 10 972 eller 957 02 551 kvar måndag mellom klokka 13.00 og 16.00.

## **Fritidskontakt/besøksheimar**

Barneverntenesta i Gulen har trong for å knytte til seg personar/familiar som har ressursar i form av, ynskje/vilje og mogelegheit til å ta på seg oppdrag som besøksheim/fritidskontakt. Me er jamleg i kontakt med barn/ungdom som av ulike grunnar treng fleire vaksne enn den nærmeste familie til å støtte opp om dei i kvardagen.

Dersom du er over 18 år, kan tilby eit barn/ungdom litt av di tid, vil dele nokre gode opplevingar med det, vil me kunne knytte kontakt mellom deg og eit barn/ungdom som treng nettopp din innsats.

Du vil få rettleiing ved behov og vet løna etter gjeldane satsar.

Ta kontakt med:

Hanne Rossabø Turøy: 57 78 20 60 eller

948 19 697

Jane Hesjedal: 57 78 20 61 eller

997 92 109

## **Nytt drosjetilbod i Eivindvik**



Bente Halsvik har teke over taxitenesta i Eivindvik.

Ho er å nå på tlf. 904 04 628 eller  
e-post: b\_halsvik@hotmail.com

## Gulen kommune har tildelte 710 fellingsløyver for hjort i 2010

Midtre Gulen hjortevald er tildelt 175 frie dyr.

Gulen Nordvest hjortevald er tildelt 113 frie dyr.

Engesæter, Ynnesdal og Tynning hjortevald er tildelt 32 frie dyr.

Vald nr 87, Ytre Gulen hjortevald er tildelt 59 frie dyr.

Dei andre 36 valda er tildelt retta avskyting etter § 15 a., fordelt på 74 kalveløyver, 134 hodryr 1 ½ år og eldre, 123 hanndyr 1 ½ år og eldre.

**NB!** *Kalv kan fallast i staden for vaksne dyr av begge kjønn.*

### Jegeren § 4 i Forskrift om utøving av jakt

Under jakt skal jegeren ha med godkjent jegeravgiftskort og våpenkort, attestert skyteprøve for hjort og jeger/jaktlag ha med godkjent dokumentasjon for ettersøksavtale. Den som leiger ut jakta til andre, pliktar å forvisse seg om at jegeravgifta er betalt.

**Fylkeskommunen har i eiga forskrift forlenga jakta for heile Fylket frå 10.09 - 23.12.2010.**

**Fjerning av fallvilt er grunneigar sitt ansvar. Kommunen skal ha melding om daude hjortedyr (dette gjeld også øter, ørn og hønsehauk). Viltansvarleg 57 78 20 45**

**Ved påkøyrslle eller når ein oppdagar skada vilt skal ein kontakte** Lensmannen i Gulen, Masfjorden og Solund **57 78 13 00** el. Hordaland politivakt **02800**

**Hjorteviltregisteret:** Er eit saksbehandlarverkty og datalager i hjorteviltforvaltninga. Den er tilgjengeleg på internett, [www.hjortevilt.no](http://www.hjortevilt.no). Tilgang på informasjon i registeret er open for alle.

Her blir også alt fallvilt registrert.

## Nytt frå sansehagen ved Gulen Sjukeheim

I forrige nummer av Infoposten sendte vi ut ei lita ynskjeliste på ting me ønska oss til sansehagen vår ved dementavdelinga ved Gulen Sjukeheim. Vi har fått fleire henvendelsar, og seier tusen takk så langt. Til eksempel har vi fått tilbod om fire robåtar, dette er veldig kjekt. Vi kan sjølv sagt ikkje ha fire robåtar i hagen, men ein eller to skal vi ha.

I løpet av våren og sommaren har det vore jobba jamt og trutt i hagen. På austsida av huset held vi på å lage ein hage med uteplass og gangsti, og med litt utsikt. Der grov vi opp plenen for å



lage gangsti. Den er no grusa og vi ventar på å få legge asfalt. Vi har hatt god hjelp av vaktmeister og teknisk etat, dette set vi pris på. På baksida av huset har vi gjordt ein heil del; vi har laga eit stort blomsterbed som er planta mange stauder i, vi har murt opp ein liten steinmur som står i stil med prestegardsmuren (som endar i hagen vår), der har vi planta klatreroser som luktar godt. Sist men ikkje minst har vi laga potet-åker der vi nett har teke opp vår fyrste avling. Vi har kokt nypoteter i avdelinga, desse har vi ete til middag. Og det kjekkaste er at vi har pasientar som deltek aktivt. Nokre er veldig ivrige på alt som skal gjerast ute, medan andre sit i ein stol og ser på. Begge delar er sanse-stimulering, og det er det som er målet vårt.

Endå er det mykje arbeid igjen, men med insatsen som har blitt vist dei siste månadane skal vi nok komme i mål.

Dersom nokon ynskjer å vere med å ta i eit tak er det berre å ta kontakt med avdelinga, eller stopp opp viss du ser oss ute i hagen :-)

Vivian Våge



## Spelemidlar 2011

Lag og organisasjoner som planlegg å søke om spelemidlar må sende søknad **inn til kommunen innen 1. november**.

Kommunen samordnar og prioritærer søknader, syter for revisjon av rekneskap og formidling av tilskot.

Det kan søkast spelemidlar til

1. Ordinære idrettsanlegg
2. Nærmiljøanlegg
3. Mindre kostnadskrevjande anlegg

Meir info på: [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)

Det kan også søkast midler til bygging/rehabilitering av lokale og regionale kulturbrygg

Sjå fylkeskommunen sine sider om tilskot til kulturbrygg på [www.sj.no](http://www.sj.no) under Kultur og Tilskotsordningar.

## Etableringstilskot – inflytta etter 1.1.08?

**Formannskapet har i møte 16.09.10 vedteke at det i ei periode på seks veker kan gjerast unnatak for punkt 4. i reglement om etableringstilskot. Dei som stetter øvrige vilkår kan derfor søke om tilskot innan 28.10.10.**

"Søknad om etableringstilskot må vere sendt frå søker til kommunen før innflytting."

For komplett reglement sjekk våre heimesider.  
Søknad vert å sende Gulen kommune.

**Yrkesmedisinsk avdeling vil fortsette sine helseundersøkingar etter Vest Tank ulykka og inviterer til folkemøte i Dalsøyra Samfunnshus torsdag 28.oktober. kl 18.00**

-Yrkesmedisin vil presentere resultata frå forrige undersøking og planar for arbeidet vidare

-Anders Smith frå Helsedirektoratet vil ha innlegg om kva dei sentrale myndighetene har lært av hendinga i Gulen

Vel møtt!

## 24.oktober er det TV-aksjon!

Aksjonen i år heiter: "**På flukt frå krig**", og går til Flyktninghjelpen.

Lokalkomiteen er leia av ordførar og med eit medlem frå kvar skulekrins. (Aslak Nyhammer, Eivindvik, Malin Dåe, Dalsøyra. Namn frå Brekke og Byrknes manglar enno)

Vi vil trenge mange frivillige bøssebærarar, så vi håpar de seier ja til denne nasjonale dugnaden når de vert spurde.

Det er mange flyktningar i verda. Dei fleste (om lag 27 millionar) er i flyktningeleirar nær der dei opprinnleig kjem frå. Pengane skal gå dit nauda er størst. Land som Columbia, Kongo, Sudan, somalia, Palestinske område, Afganisthan og Pakistan vil vere sentrale for innsamlinga.

Sett av 24. okt, bli med som bøssebærar og hugs å ta ut kontantar!

Meir opplysningar kan du finne på  
[www.tvaksjonen.no](http://www.tvaksjonen.no)



FLYKTNINGHJELPEN  
NORWEGIAN REFUGEE COUNCIL

TV-AKSJONEN 24.OKT

## Oppstart av "Møteplassen"

I løpet av hausten er vi i gang med "Møteplassen" i Eivindvik, som er lokalisert til same bygget som husflidbutikken til Borgny Solbakk. Det er diakoniutvalet og Gulen sokneråd som i "lokal plan for Gulen sokn" har prioritert å arbeide for ein møteplass for dei som ynskjer å treffe andre, vil ha seg ein tur ut, eller av andre grunnar ynskjer å oppsøkje "Møteplassen".

Her er det ope tysdag, torsdag og fredag kvar veke frå 10 – 14. Her kan ein få seg kaffi og nysteikte vaflar. Frivillige personar skal være tilstades og ordne med kaffi og vaflar.

Her kan ein treffe andre som ein kan slå av ein prat med, eller berre sitje og nyte ein kaffikopp. Du vil også finne bøker, blad og tidsskrift på "Møteplassen".

På sikt vil me på frivillig basis ta på oss enkle hjelpetenester til heimebuande, skyss m.m. Etterkvart vil vi prøve å halde kurs, som t.d. bruk av mobiltlf og SMS (tekstmeldingar). Velkommen til "Møteplassen" midt i Eivindvik sentrum!

## Dette skjer i kyrkja

### **Laurdag 2. oktober (sjå oppslag)**

Konsert i Brekke kyrkje  
Breistein mannskor og Brekke mannskor

### **3. oktober kl. 15.30**

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

### **10. oktober kl. 11.00**

Familiegudsteneste med hausttakkefest og 4-årsbok i Brekke kyrkje

### **17. oktober kl. 11.00**

Familiegudsteneste med hausttakkefest og 4-årsbok i Gulen kyrkje, Eivindvik

### **24. oktober kl. 11.00**

Familiegudsteneste med hausttakkefest og 4-årsbok i Mjømna kyrkje

### **31. oktober kl. 11.00**

Gudsteneste i Brekke kyrkje

### **7. november kl. 11.00**

Allehelgensgudsteneste i Mjømna kyrkje

### **7. november kl. 15.30**

Allehelgensgudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

### **7. november kl. 19.30**

Allehelgensgudsteneste i Brekke kyrkje

### **14. november kl. 11.00**

Gudsteneste på Byrknes Bedehuskapell

### **21. november kl. 16.00**

Gudsteneste i Gulen kyrkje